

Sykkylven sokneråd

MØTE I SYKKYLVEN SOKNERÅD 16.02.2021 kl. 19.00 i kyrkjestova.

Desse møtte: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Therese Kristin Utgård og Bjørg Djupvik Grebstad og sokneprest Simen N. Myklebust

Varamedl.: Morten Hjellegjerde, Tor P. Mørkeseth og Marit Helen Akslen

May Lisbeth Hovlid Aurdal delte nokre tanker frå Jesaja kap.58,5 - 11 om den «rette faste».

Sak 01/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak : Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 02/21 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 08.12.2020

Vedtak: Referatet vart godkjent.

Sak 03/21 Diakoni: Plan for diakoni.

Kristin Kjemphol Lohne måtte møte digitalt.

Status Diakoniutval: Diakoniutvalet er no etablert og skal ha møte snart. Diakoniutvalet kjem tilbake til soknerådet når dei har hatt møte.

Diakoniplanen skal då bli gått gjennom og eventuelt korrigerast.

Soknerådet hadde fleire innspel som diakonen noterte seg og ville ta med vidare i arbeidet.

Soknerådet oppfordrar kyrkjevergen til at diakon får tilrettelagt eige kontor som ivaretek stillinga sitt behov for konfidensielle samtalar til ulike tider.

Sak 04/21 Første utkast Sykkylven sokneråd årsmelding 2020

Gjennomgang, innspel og korrigeringer.

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjent med nokre endringer.

Sak 05/21 Konfirmasjonane 2021


Landets biskopar anbefalar å utsette konfirmasjonane til haust 2021.

Ikkje krav om utsettelse, ingen nasjonalt påbud. Ber oss vurdere ang tilreisande frå ulike kanter av landet. Kyrkjelyd og sokneråd bestemmer. Hente inn synspunkt frå staben og foreldre.

Ikorntes sokneråd har anbefalt staben å vurdere flytting til hausten.

Vedtak: Staben har sendt ut eit spørsmål til foreldra om fleirtalet vil ha vår- eller haustkonfirmasjon. Vi ventar på svar og tek ei avgjer etter dette.

Soknerådet tek ei avgjer digitalt.



Sykkylven sokneråd

Sak 06/21 Permisjon

Det har kome ein søknad om permisjon frå Monica Breivik Orre frå februar 2021 til og med juni 2021.

Vedtak: Søknaden vart einstemmig godteke.

Eventuelt Morten Hjellegjerde melde at familien skal flytte tilbake til Australia og vil då måtte tre ut av soknerådet frå juni og resten av valperioden.

Neste møte i Sykkylven sokneråd:

SR møte 23.03. Rekneskap og årsmelding/Årsmøte

Orienteringsaker:

- Diakonalt blomsterbud